


Nordan um folkeskikken

elder

Ei leikstemna tilfjells.

Radl i 1 vend av **Erp.**

(Skrive i 1898).





Voss.

Kosta av „Unglyden"s landsmaalsbokhandel.

1901.

Dei som er med:

L i v — tjuge aar gamall.
F a s t e r A d l a u g — væl halvtreds.
S c h n e i d e r — i tredivеaarsalderen.
D. B o g h, cand. min. — paalag fyrti.
J o n — fire og tjuge.
U n g d o m a r t i l d a n s.

„Hordaland"s prenteverk. Voss.

(Det er laurdag sumarsbil, lid paa dagen. Soli er ved aa glada.

Ein stor vælstelt heie-gard. Paa tunet framfyre er laga som til dans, og flaggstenger er reiste kring slettaste vollen.

Jon stend i skjurte-erme og heng upp kransar og greiner fraa ei flaggstong til hi. Det er ein hog, rakvaksen kar, ljosleitt, og med væne, godslege augo.

Alfarvegen gjeng framum, og bygdarvegen krossar med hin, rett nedfor huset. Det er ikke lenger ifraa, der Jon stend og ned til krossvegen, en at dei kan hoyra kvarandre snakka — naar dei ikkje talar svært laagt daa

Naar duken gjeng upp sit Kristian Schneider i bakken ved kross-vegen, og kvilar seg. Han er midels hog, bleikfeit, noko tunnhærd; gjeng med lorgnett, og er i fin-finaste turist-bunad. Ranselen og reise-skræppa hev han slengt eit stykke ifraa seg. Ser svært troytt og sliten ut.

I det same kjem Dunker Bogh ruslande burtetter bygdarvegen, og framum. Det er ein eldre, tjukk og godsleg mann; gjeng med brillor. I eit band um halsen hev han ein stor blekk-kasse med ymse steinslag i. Han er mineralog, maa vita, og gjeng med eit lite spett og andreslags greior i handi).

Bøgh

(vert vâr Schneider og set burt aat han; ropar:)

Nei menn m e n e r jeg ikke, det er dig, Schneider!

Schneider

(hev ikkje gaadt han fyrr no. Rettar handi ut imote han, men vert sitjande der han sit. Bogh slengjer seg ned attmed han).

Hva' fa'n! Er det dig, Bøgh. Hvad bestiller du heroppe?

Bøgh

Jeg gaar i mit lovlige ærende — bryter stein.

Der skal være nogen gode malmleier heroppe, og saa skulde jeg afsted og undersøge det.

Nei, jeg maa nok hellere spørge, hvad du bestiller her.

Schneider.

Ser du ikke, jeg er turist, far?

Bøgh (spitigt)

Turist? Nei jasaa, du. Jaja, forandring fryder — som manden sa, han gik hen og hængte sig (lær. Ser paa han). Nei ja menn lyver du naa, manden min; det ser jeg paa dig!

Schneider (dove).

Det har du sgu ret i.

Bøgh.

Hvor agter du dig egentlig hen, om man tør spørge?

Schneider.

Ak ja, den som bare vidste det selv. Foreløbig er jeg saa træt, at jeg ikke reiser mig af flekken. Det var ellers meningen, jeg skulde til en gaard, som heder Hedegaard. Er du kjendt her, kanske? Jeg tror, det skal være den gaarden her.

Bøgh.

Det er det vist, forresten. Men hvorfor i alverden sætter du dig da til her, gut, istedenfor at gaa lige ind?

Schneider (dreg paa det).

Jo — sagen er — ja, sandt at sige har jeg mest lyst til at snu igjen.

Bøgh.

Nu har jeg aldrig hørt saa galt. Hvad er det, som gaar af dig! (Spitigt). Du ser ikke ud til at nyde landluften netop.

Schneider (læst som han dreg ein sukk).

Kanske det er noget rart i, om jeg ser en smule schakmat ud?

Bøgh.

Naada!

Schneider.

Jo jeg skal si dig; jeg svæver paa afgrundens rand.

Bøgh (turt).

Det er rigtig synd paa dig.

Schneider.

Jo, jeg skal si dig, jeg har snart ikke andet at gjøre end at skyde mig en kugle for panden.

Bøgh.

Gud velsigne dig, opsæt bare ikke til imorgen, hvad du kan gjøre idag — som skrevet staar.

Schneider (aldri ansar honom).

Ved du hvor stor gjæld jeg har? Bare 80,000 kroner, foruden endel smaapenge til skrædder og skomager.

Bøgh (blistrar).

Død og pine!

Men farsarven din da, mand? Du arvede da vel mindst et par hundrede tusen?

Schneider.

Du er virkelig naiv. Det er jo næsten fem aar siden dengang.

Bøgh (gloser burt paa han).

Hm — (liti togn).

Jaja, dette var altsaa meget interessante oplysninger i og for sig. Men jeg forstaar ikke rigtig, hvad det har at gjøre med, at du sidder her mutters alene oppe paa fjeldet.

Schneider.

Du kan da vel vente, til jeg faar talt ud. —

Jeg bor altsaa nu hos en onkel af mig, presten nede i Vang.

Bøgh.

Hvad siger han om sin nydelige nevø?

Schneider.

Aa — det er en gammel gemytlig herremand, som en prest skal være. — Han har fundet ud, at jeg bør gifte mig.

Bøgh.

Meget fornuftig tænkt af bemeldte onkel. Jeg troede ellers ikke, at monogamiet laa for dig.

Schneider (lær).

Naa — jeg ved ikke det. — Oprigtig talt, saa er jeg ligesom lidt slidt — nerverne, forstaar du. Og saa blir en saa evindelig kjed af dette ungkarslebenet, ser du. Det kunde ikke være saa værst at ha en kone til at hygge og stelle omkring sig — hva'?

Bøgh.

Luksus, far. Har ikke raad.

Schneider.

Det var hende, som maatte skaffe „raaden", kan du vide.

Bøgh.

Naa saa? Jo, da er jeg med. Men slige guldfugle findes ikke paa hver busk.

Schneider.

Nei saamen. Men jeg har allerede en paa haanden. Og det er i den anledning at jeg sidder her.

Bøgh.

Du mener da vel ikke — —

Schneider.

— at hun er bondejente? Jo — der er den aber ved hende, det lader sig nok ikke nægte, desværre. Men ellers skal hun være en ganske pen pige, og en smule mere kultiveret end almindeligt er paa landet. Hun har nok gaaet paa en eller anden skole inde i byen et par aars tid — saa hun har vel i det mindste lært at klæde sig som et almindeligt, skikkeligt menneske — haaber jeg da.

Bøgh.

Og hun er rig, siger du?

Schneider.

Stenrig, far. Eneste barn, og begge forældrene er døde. Der hører umaadelige skogstrækninger til eiendommen, ser du. Det var ellers min onkel, presten, som anbefalede mig hende.

Bøgh.

Jaja, old boy, jeg faar vel ønske dig mest mulig lykke da. — Naar skal det ske?

Schneider.

Næ--i — — jeg har endnu ikke seet donnaen, engang. Det er did, jeg skal nu. Det er onkel og saa en tante af hende — der ligesom bestyrer gaarden da, ser du — som har aftalt partiet.

Bøgh.

Men er du da vis paa, angjældende selv vil?

Schneider (helder tykkjen).

Ja ved du hvad, Bøgh! Du indbilder dig da vel aldrig, at sligt et lidet gudsord fra landet vil sige nei til at blive fru Schneider. Der er saamen nok af de flotteste damer, som gjerne vilde blive det, skulde jeg tro.

Jeg er derimod sterkt i tvil om jeg vil ha hende. Der blir nu altid hængende noget grovt og simpelt ved alle disse bønderne, om de har været aldrig saa længe ude blandt folk. Og saa det maalet deres! Tvi fa'n! (Sputtar).

Bøgh.

Aa — jeg ved ikke det. Jeg synes det klinger ganske vakkert, i digt f. eks. — jamen synes jeg det. Men som kultursprog betragtet er det jo umuligt, gudbevar's.

Schneider.

Ja jeg synes nu det er raat og simpelt. Netop raat og simpelt; det er det, det er. Og saa dette

saakaldte landsmaal — som overhovedet ikke er noget maal, men bare et mixtum compositum af alle mulige gebrokne dialekter, den ene fælere end den anden.

Og disse maalstræverne, du! Jeg synes det lugter mug og skimmel lang vei af dem. De lever formeget i kjelderluft, det er sagen. Jeg kan ikke fordrage folk, som gaar med luvslidte frakker, og bukser, som er blankslidte baade her og der. De kan da, forsyne mig, klæde sig som folk, likevel.

Bøgh.

Ja, det er sgu en kjedelig race.

Schneider.

Der er gudskelov faa ting, der kan bringe mig ud af ligevægt. Men naar man kommer ind paa dette fordømte maalstræverkapitel, da kan jeg bli saa fortærende, hakkende sint, saa. Vi faar da, fa'n gale mig, ikke la disse kulturtramperne ødelægge al den livsglæde og kultur vi har her i landet, saa det blir det rene barbari tilsidst. Vi faar sandelig holde igjen, vi som nu engang sidder inde med kulturarven.

Bøgh.

Tja — vi faar vel det. — Men du, nu faar jeg nok se at rusle videre, jeg. Vi sees siden, haaber jeg. Du skal vel ind til kjæresten din nu?

Det er altsaa en af Hedegaardene, hun eier?

Schneider.

Er der flere da?

Bøgh.

Der er vist en to-tre gaarde af det navn. Hvad heder hun da? Det ved du forhaabentlig?

Schneider.

Hun skal hede Liv Hedegaard. Mer ved ikke jeg.

Bøgh.

Vi faar spørge os fore.

Schneider.

Bare her var nogen at spørge. Jo se der har vi en lang slyngel bortved flagstangen. Raab ham hid, du, er du snil.

(Bogh lagar seg til aa hoysta burt til Jon, som stend med ryggen til dei. Han stoggar i det same, for Jon tek til aa syngja:)

(Tone: Og Rikebald tente i kongens gard).

Ung Valborg ho aatte baa' gods og gull,
gjorde Valborg —
og dertil tvau kistor med penningar full.
Ho hev sagta belarar, ho Valborg.

Dei koma fraa sud, og dei koma fraa nord,
aat 'ne Valborg.
Dei rømast kje alle kring eitt stovebord.
Ho hev sagta belarar, ho Valborg.

Dei koma der i sin gildaste stas
aat 'ne Valborg.
Og alle so hava dei pengar som gras.
Ho hev sagta belarar, ho Valborg.

Gud hjelpe meg arme, som vaaga aa sjaa
upptil Valborg.

Eg maatte daa skyna, koss det vilde gaa.
Ho hev sagta belarar, ho Valborg.

Og fluga ho er no so faavis av seg,
— aa, du Valborg — —
Ho svid seg paa ljoset — og so gjekk det meg.
Ho hev sagta belarar, ho Valborg.

(Liv hev kome fram att um husnovi, og vert standande lyde paa. Det er ei gjente i tjugeaarsalderen, mjaa og fin. Ho gjeng i vanleg landsfens bunad med plagg paa hovudet.
Jon vert vår ho, og stoggar braatt).

Liv (litt brydd).

Du lyt halda paa, Jon. Du syng so vent. Kven hev laga den visa?

Jon (vert raud).

Likar du henne?

Liv.

Ja, eg tykkjer ho var overlag fin. Kven hev gjort henne?

Jon (brydd).

Aa — ho kom no so svivande fyre meg — — eg veit ikkje rett — —

Liv (vert raud ho med. — Liti togn).

Eg vilde berre ut aa sjaa koss det gjekk med kransestellet. Rett no hev me dei, tenkjer eg. (Ser seg ifring). Eg tykkjer her er fint, eg. Du hev rett vore ein meistar i aa faa det til, Jon. Takk maa du ha for bryet daa.

(Flir han handi, men ser ikkje upp. Han ser helder ikkje paa henne og er eldande raud, daa han tek imot.
Schneider og Bogh hev sete aa set paa Liv; dei seier no seg imillom:)

Schneider (mysar med augo).

Fa'n saa deiligt stykke arvesynd — hva'?

Bøgh (mæler ho med augo).

Ja—ha saamen. Slet ikke ilde. Gad vide, hvor hun er fra.

Schneider (til Liv).

Pst! Pst!

(Jon og Liv gloser upp).

Schneider (ropar og vinkar paa henne).

Kom hid, jenja mi!

Liv

(ser paa han, og mæler han ei stund med augo. Lognt:)

Er det noko du vil, so veit eg ikkje onnor raad en at du lyt koma til meg.

(Snur ryggen til han, og seier til han Jon:)

Ja du kjem inn naar du er ferdig, veit eg?

(Han nikkar med hovudet. Liv gjeng. Schneider ser so flat ut, at Bøgh lyt læ).

Bøgh (lær).

Det var sgu svar paa tiltale det, gut.

Schneider (arg).

Hvem pokker kunde ha tenkt, det var saa knibske jomfruer saa langt nord for folkeskikken.

(Ropar burt til Jon:)

Hvor er hun fra — hun, pigebarnet?

(Jon stend knyt ihop henderne, og léyst aldri høyra).

Schneider.

Er du døv, mand! Jeg spør, hvor hun er fra, hun som stod og talte med dig nu netop.

Jon (ser han rett inn i andlitet).

Det er nok ho som eig garden her. Kva er so du for ein kar?

Bøgh

(bryt av; kjem snogt burt imot han).

Det er da vel aldrig Liv Hedegaard, hun heder?

Jon.

Liv Heidegard, meiner du vel? Jau rett so heiter ho.

(Dei tvo bykararne ser paa kvarandre. Schneider ser skile flat ut).

Bøgh

(er tilslutt ikkje god for aa halda seg lenger, men smell upp i ein hjarteleg laatt).

Ha=ha=ha. — Hi=hi=hi — hi=hi! (Held seg paa magen). Aa=haa=haa!

Schneider (arg).

Gud ved hvad du egentlig lær af!

Bøgh (held paa, han).

Aa—haa—haa! Aa—h—

Jo det var en nydelig begyndelse paa frieriet.

(Det gjev ein rykk i Jon, daa han høyrer dette. Han braasnur, og slær eit par saum gjenom ein kransestump som enno heng og dinglar. So heiser han alle flagg paa heil stong og gjeng.

Bøgh og Schneider gjeng attende dit dei hev greiorne sine. Bøgh lær so han rister, heile tidi, og slengjer seg med ein dunk ned i bakken).

Schneider (rasande).

Fa'n ogsaa! Kan du ikke holde op med den latteren din engang.

Bøgh (tek til seg greiorne sine; lær enno).

Tafta men tafta — det er udlagt: dette var nu dette. — Jaja, saa faar du ha tak da for denne stund. (Flir han handi).

Schneider (tek ikkje imot).

Hvor skal du hen?

Bøgh.

Hjem, vel. Det vil sige ned til Birkeli, hvor jeg for øieblikket huserer. Men kanske du slaar følge forresten?

Schneider.

Jeg? Nei saamen om jeg gjør. Jeg skal til Hedegaard, og did gaar jeg.

Bøgh (turt).

Jaja, lykke til da.

Schneider (læst ikkje hoyra).

Det var sgu et deiligt pigebarn. Ergo tar jeg hende.

Bøgh (splitigt).

Tiltrods for, at hun gik klædt og talte som enhver anden bondejente!

Schneider.

Aa pyt, det skal jeg snart faa pillet ud af hende. Jeg mener, jeg alt er glad i jentungen, jeg. Jamen er jeg saa. Lagde du merke til det kjække lille kast, hun havde med hovedet. Og saa den nydelige reisningen, du — rent som paa en fuldblodshest, gut. — Jo, det er afgjort, jeg tar hende.

Bøgh.

Jaja, nu gaar jeg. Vi træffes vel senere.

(Lagar seg til aa gaa.

I det same kjem mor Adloug ifraa brunnen med tvo vatsbyttor, ei paa kor sida av eit ôk ho hev paa akslerne. Ho vert vâr dei tvo framandkararne, og set byttorne ifraa seg).

Schneider (gjeng burttil henne).

Goddag, goddag, kona mi, hører du til her paa gaarden, kanske?

Adloug (lær so smaatt).

Aa jau, eg skulde no liksom gjera det og. So det er langveisframande ute og gjeng. Du er no vel radt ifraa Kristian, du daa?

Schneider.

Jeg er nok det, ja.

Adloug (ser nogjare paa han).

Det er no vel aldri deg som er brorsonen hans Vangspresten, veit eg?

Schneider.

Jo, det har sin rigtighed det, kona mi.

Adloug

(vil taka han i handi, men Schneider læst aldri sjaa det).

Aa nei, aa nei, er det deg, du. Ja du lyt sjaa innfyre, daa. Me hev det no ikkje so fint som du er vand med, vil eg tru. Men du fær taka tiltakke slik me hev det.

Schneider.

Aa, jeg siger tak. Det er kanske konen paa gaarden, jeg taler med?

Adloug.

Jau, det er nok det. — Han vart ikkje med, Vangspresten daa? Me hadde so smaatt venta dykk baae tvo, her fyrre dagen.

Schneider.

Nei, han blev hentet i sognebud, lige før vi skulde afsted. Derfor er det ogsaa, jeg kommer tilfods. Men havde jeg vidst, for en svinagtig drøi vei, det var, havde jeg nok ikke indladt mig paa det, er jeg bange for.

Adloug (trustkuldigt).

Aa nei — du er kanhende meir vand med aa bruka hovudet en føterne, vil eg tru. Men du lyt vera med inn no. Ver so god.

Bøgh.

Ja, adjø saalænge da, Schneider.

Adloug (til Bogh).

Men kanskje hin karen hadde hug til aa slaa lag med same? Dersom du ikkje forsømer noko med det, so?

(Bogh ser paa Schneider. Denne ser slett ikkje ut som han er vidare huga paa at B. vert med inn; men dette gjer nett Bogh meir uppsett paa det).

Jo — tak — dersom det ikke er til altfor meget bryderi, saa — —

Adloug.

Snakka um bry! Ja, so lyt de gjera væl og gaa inn baae tvo daa.

(Ho hegtar byttorne paa ôket a'.)

Bøgh (tek dei ifraa henne).

Nei ved De hvad; dette er da altfor tungt for Dem. Lad mig faa lov — —

(Schneider læst som han med vil hjelpa til, men lagar det so, at B. vert aaleine um det).

Adloug (lær litt brydd).

Nei, hev du set slikt daa! Skal du no bera vatn og, du som framand er. Det var daa ei skam og! Me hev sagta dreng paa garden, veit du; men dei er stad og brunnar hestarne no nett. Elles er me so væl vande med altslag arbeid, me, at me naudar ingenting av det.

(Dei er komne burt aat troppi. Schneider stig inn og aldri ventar paa, at mor Adloug skal beda dei).

Adloug (tek byttorne ifraa Bøgh).

Ja no lyt du rett hava so mange takk daa. Det var daa reint for gale og. Ja, versegod, stig inn paa. (Dei gjeng inn).

(Ein augneblink stend tilet tomt. So kjem ungdomar ruslande i smaae fylgje, burt imot leikeplassen. Gjentorne gjeng i landsfens bunad, det same gjer gutarne. Det vert no ei helsing paa kvarandre; dei smaaroder halvhogt seg imillom; av og til lær dei av eitkvart logje, som vert sagt. Me legg merke til eit par lentuge gutar — Trond og Svein heiter dei. Svein hev ei fele under armen; det er spelemannen i laget, maa vita).

Liv

(kjem framatt um husnovi og nævehelsast med dei).

Ja menn var de rett gilde og, som kom med det var ljost. No sumars bil tenkte eg me skulde vera ute paa tunet, og dansa. Kva meiner De?

Kari (ei hog, rakvakfi gjente).

Du, eg seier det same. — Nei for fint du hev stelt det til med kransar og blomar daa!

Liv (peikar paa han Jon).

Der stend meistaren for det. De lyt takka honom.

Jon (brydd).

Aa, eg hadde meg so ei liti fri-ykt likevæl, eg.

Liv.

Ja no lyt me retteleg hava oss ein springar. Me kan trengja røra føterne litt. Endaa eg trur ikkje me hev lætja oss i høy-onni idag, nokon av oss.

Burt i flokken.

Aa nei — du veit det — —

Trond (lær).

Kjenner eg gjentorne rett, dansa dei gjerne til dei sleit føterne av seg.

Kari.

Aa du daa, Trond! Elles so plar no ikkje gutarne vera mindre dansehuga, det eg kan skyna.

Trond.

Skal me sjaa, kven so held lengst ut, Kari. Kom so tek me ein springar, so det durar etter. Spel upp, spelemann. (Syng).

Hei so dansar gjenta mi,
sylvspente sko paa føto si',
kallomanks-trøya hadde ho ny —
jau du kan tru, d'er dokkety. —
Gjenta mi, gjenta mi. —

(Triv ho Kari i handi og sprett innpaa dansestaden. Det vert liv i flokken, kvar gut tek si gjente. Spelemannen spelar ein slaatt.

Liv stend heilt framme paa tilet, eit stykke ifraa dei andre).

Jon (kjem burt til henne).

Vil du dansa ein slaatt med meg, Liv?

Liv (ser ikkje paa han).

Jau, det vilde eg nok gjerne. Men nett no kan eg ikkje. Me hev fenge framandsfolk inne og, ser du, og eg lyt av og helsa paa dei, eg som matmor skulde vera.

Jon (tykkjen).

Aa, kan det ikkje, vera nok naar mor Adloug sit inne med dei?

Liv.

Ja men Jon, dei er daa gjesterne mine, dei so væl som de. Og istad rymde eg so meinsleg ut daa dei kom. Eg lyt inn og gjera det godt att.

Jon (litt blidare).

Rymde du, seier du?

Liv.

Ja eg kom so reint forille paa laatten, daa eg saag dei att; det var dei hine kararne som sat ned paa vegkanten her istad.

Jon.

Veit det nok.

Liv.

Ja ja — eg lyt vel lydast inn-um eit bil daa. Du maa sjaa du fær deg ei onnor aa dansa med solenge.

Jon (stur att).

Aa ja — det vert vel ei raad, veit eg.

(Liv ser ein augneblink paa han; gjeng so inn. Jon slengjer seg ned paa vollen attved ein stor apal der stend, og sit stur og riv gras upp med neven.

Dei andre dansar, eit par um gongen fyrst, seinare fleire samstundes. Der er laatt og moro, kvar ein snur seg.

Kari og Trond hev dansa ifraa seg og kjem fram paa tilet. Dei gaar ikkje Jon som sit der, og han ikkje dei helder, med det fyrste).

Trond.

No lyt du hava so mange takk for dansen, Kari. (Flir ho handi).

Kari (dei handtekst).

Du med skal ha takk, Trond. (Dei er svært raude baae tvo).

Kva eg vilde ha sagt — koss stend til heime?

Trond.

(Ser ikkje upp under heile den samroda som kjem).

Aa jau — men han far tek til aa verta gamal og skral no.

Kari (ser helder ikkje upp).

Det er vel so, ja. Han er nok hosta upp i aari og no, vil eg tru?

Trond.

Tri og sytti. Det er ikkje nokon alder, soleis, veit du. Men han vilde no so gjerne eg skulde taka imot garden snart, maatru.

Kari.

Det er ventande det, ja. Gamlingen vil hava ei liti kvile-ykt, no han vert gamal.

Trond.

Han vil so. Og no tykkjer han, eg skulde sjaa

og gifta meg, eg som andre folk, seier han, og løysa han av sosnart raad var.

Kari (tilgjord likesæl).

Aa ja, det ber vel den vegen med deg og, spaar eg.

Trond (eldraud; stotar av og til).

Men no var det meiningi det, ser du, at eg vilde spyrja deg, um ikkje du saag deg syn med aa fylgja meg heim til hausten kjem. Elles er eg rædd eg vert gangande sveinkall all mi tid. For ikkje er eg god til aa hugleggja nokor onnor en deg daa, so mykje du veit det.

Kari

(svarar ikkje paa ei stund; so gloser ho upp, ser han fritt i andlitet og seier med ein liten skalk i augo).

Eg trur aldri det er verdt, at du vert sveinkall, Trond. Daa lyt eg fyrr taka deg, eg, meiner eg.

Trond

(vert so glad at han tek ho um livet og svingar ho rundt).

Hurra for gjenta!

(I det same reiser Jon seg upp rett, attmed dei. Kari vert so skjemd at ho spring avstad og gjøymer seg burt i flokken. Trond veit ikkje rett kvar han skal gjera av seg. Vert standande æver seg um).

Jon.

Nei kor leidt dette var, at eg skulde skræma dykk so. Eg berre sat so i mine eigne tankar, eg. Men du maa lata meg faa ynskja deg til lukka daa, kar. Signe baade deg og henne. (Dei handtekst).

Trond (kjem paa glid).

Takk for det ynskjet, Jon. (Lær, so glad er han). Ja idag er eg so glad, at eg veit mest ikkje til meg.

Jon (noko beiskt).

Ja, so væl kan det bera til for sume.

Trond.

Aa det gjeng vel snart same vegen med deg, kar.

Jon (lær stutt).

Jau der trefte du det.

Trond.

Eg veit nok mange gjentor, eg, som tok deg paa fyrste ordet.

Jon.

Aa det er no ikkje sagt, tenkjer eg. Elles hev det lite paa seg. Henne eg einast bryr meg um, kan eg ikkje faa.

Trond.

Det er no vel ikkje so visst det, veit eg. Hev du spurt henne daa?

Jon.

Nei, og ikkje gjer eg det helder. Aldri frir eg til ei rik gjente, fatiggut som eg er. Dei skal ikkje faa det aa slengja meg i nasa, at det var midelen eg gjekk etter.

Trond.

Ja seier du det. Eg tykkjer det er ikkje noko aa bry seg um kva folk seier, naar elles gjenta vilde.

(Jon vil svara, men i det same kjem Schneider, Bogh, mor Adloug og Liv ut. Dei held upp med dansen solenge. Trond og Jon ruslar burt til dei hine gutarne).

Schneider.

Naa, her har dere det nok ordentlig gemytlig,

lader det til. Tja — pourquoi non, eller livet i skoven. (Lær).

Adloug.

Ja eg tykkjer rett det er gildt, eg, at ungdomen hev teke til att med leik og moro. Daa eg var ung, var det ei rid, det skulde vera synd baade det eine og det andre. Ikkje fekk me lov aa dansa, og ikkje fekk me nokoslag. Men eg trur no ikkje det er so gale aa moroa seg paa ein sømeleg maate, ikkje — naar det ikkje vert til nokoslag utoe-skap daa.

Bøgh.

Nei det har De saamen rigtig ret i, mor Adloug.

Mor Adloug
(fær sjaa Kari burt i flokken).

Nei men er det ikkje ho Kari? Koss stend til heime?

Kari (kjem burt og helsar paa).

Jau takk, det er med det gamle. Ho mor hev vore litt skral ei stund no burtetter; det er denne stygge gikti som er so leid med henne. Men det hev gjeve seg noko med verken paa det siste, so ho kan sitja uppe ein grand.

Adloug.

Det var daa godt aa høyra at ho besnar. Ja du maa helsa so mykje godt, naar du kjem heim.

Kari.

Takk, det skal eg.

Adloug.

Men me skulde havt nokon benkjer her ut, so

folk kunne faa sitja. At ikkje du, Liv, hev tenkt paa det!

Liv.

Eg meinte me kunne sitja nedpaa grasvollen; men det vert kanhende for kaldt, naar doggi fell.

Alle ungdomarne.

Var det likt seg! Kva skal me med benkjer!

Schneider.

Jo — jeg maa tilstaa, at et par stole for eksempel vilde være temmelig paakrævede.

(Liv seier garbsdrengen til, og han kjem ut med eit par trestolar. Schneider tek ein og set seg paa; Bøgh ventar til dei fær fleire ut, so set han med seg).

Liv.

Men no lyt me rett hava oss ein springar til, godtfolk. Du Jon, eg hev ein tilgodes av deg. Det hev du ikkje gløymt, vonar eg?

(Jon kjem burt til henne, seier ikkje eit ord, men flir henne handi. Dei ser ikkje paa kvarandre).

Svein.

Ja det er rett; dansa de tvo. (Til framandfolki). No skal de sjaa det gildaste paret i heile bygdi.

(Spelar ein slaatt. Dei andre stend ei stund og berre ser paa; so kjem det fleire par til. Svein fyl etter dei lengst burt paa dansestaden, og spelar samstundes; men spelet høyrest berre dovyt no).

Schneider (fyl Liv med augo).

Hvad er det for en fyr, hun danser med?

Adloug.

Han Jon, meinar du? Det er son til ei fatig husmanskenkje under garden her. Han hev elles vore

av paa studentskule, og gjorde det nok rett godt og, seier dei som hev vit paa det. Han hadde tenkt seg til prest. Men so fann han paa, at han ikkje vilde lesa lenger. Han vilde helder vera heime og driva med jordi, seier han. Skulde du ha høyrt sovore tull fyrr?

Schneider.

Huff ja — de bondestudenterne! De blir hverken helt eller halvt. De er nogen uopdragne, halvkultiverede labaner, er de. Eier ikke spor af, hvad vi andre kalder takt. Men indbilske er de som bare pokker.

Adloug.

Du er gjerne studért og, du?

Schneider

(som hev stroke tvo gonger til artium, litt flat).

Jo — jeg skulde da liksom være det.

Adloug.

Du er kanskje prestlærd, du med, skal me sjaa?

Schneider (dreg paa det).

Naa—nei — sagen er — —

Bøgh (lær).

Aa, sig som sandt er, at du bare hidtil har drevet det til at stryge et par gange til artium.

Schneider

(inn-arg; laagmælt til Bøgh).

Hvem fa'n har bedt dig om at blande dig op i mine sager, om jeg maatte spørge?

(Bøgh svarar ikkje, men strævar aa halda seg aalvorleg.

Leid togn. Dei læst alle som dei er upptekne av aa sjaa paa dansen).

Mor Adloug
(vil gjera S. blid att).

Det er ikkje sagt de bryr dykk noko um denne dansemoroen, ungdomen fer med. Kva meiner de, um me tok oss ein tur av og saag paa bøarne fyrr det vert myrkt?

Schneider (svindt).

Jo, det var ikke saa dumt, det. Hvad siger du, Bøgh?

Bøgh.

Jeg liker mig godt her, jeg er, jeg. Men bare gaa, dere. (Adloug og Schneider vert i fylgje ut til hogre. Noko etter sluttar spelet).

Liv.

Høyr folk, kva meiner de um me tok til aa leika eitslag no. Me kan altid dansa sidan.

Dei andre
(i munnen paa kvarandre).

Jau det gjer me rett og, det. — Kva skal me leika? — Enkjemann søkjer maken?

Liv.

Aa no veit eg det: (laagmælt til garðsdrengen). Du Per — aa spring inn etter ein liten spegil og ein ølbolle, og finn meg so ei fot-fille, er du gild. (Per kjem med det). No maa de andre gaa burt um husnovi, so de ikkje ser kva me hev fyre oss her. So kjem de ein um gongen, naar eg ropar.

(Til Bogh, som vil fylgja med dei).

Nei du maa vera her og hjelpa meg, du. Du kan halda ølbollen, so skal eg staa med sotfilla.

(Dei andre gjeng. Men av og til ser ein eit nyfike andlit som glyttar fram att um novi, og høyrer kneiste-laatt og fjaag snakk).

Bøgh (fjaag).

Naa, frøken, hvad skal saa vi to tage os til?

Liv.

Jau no skal du høyra. No held me denne spegilen imillom oss. — So. — Og so tek eg filla, og du ølbollen. — So, ja. No seier me det til den som kjem, at me skal syna han den han held kjærast av alt i verdi, og so held me upp spegilen for andlitet paa han. So skal han i farten gjera eit vers um dette. Greider han det, fær han ein taar av ølbollen, og greider han det ikkje, svertar eg han med sotfilla.

Bøgh (lær so hjartelag godt).

Ja vel, ja. Raab dem saa hid, De frøken.

(Liv ropar paa Trond. Dei andre glytter fram i det same. Liv trugar aat dei).

Liv.

No Trond! No skal me syna deg kjærasten din. Og gjer du ikkje eit vers um henne paa fljugande flekken, so svertar eg deg med filla — so mykje du veit det. Sjaa her, gut! (dei held upp spegelen).

Trond
(skvett attende ein grand. Men so stikk han henderne i broki og syng).

Eg totte rett, det var ein eg kjente,
men ikkje liktest det paa ei gjente.

Daa var det likare til ein gut.
Kven tru det var, saag so fager ut?

(Sputtar langt. Dei lær, og Bogh flir han olbollen. Han drikk og sender fraa seg).

L i v.

Du er ikkje so gal som du ser ut til, du Trond. (Ropar). Svein! (Svein kjem, og fær sjaa sitt eige bitæte i spegilen).

No Svein — so var det ei vise paa timen — elles — (trugar med filla).

S v e i n (syng).

Det var ein spegil — (stotar) — ein spegil —

L i v (lær).

Jaha — det var ein spegil, ja — og her er ei filla — (dreiser til han med filla. Han rymer; Liv etter. Dei lær so godt, at dei andre ungdomarne kjem farande og skal sjaa, kva som stend paa).

L i v (smaaskjenner).

Set slikt pakk! Her kjem dei heile horgi! Ja no kan de ha det so godt. (Legg spegilen og filla ifraa seg). Men kanhenda me helder skulde stevjast? —

(Dei talar i munnen paa kvarandre, og set seg ned i ein krins paa grasvollen. Bogh ved sida av Liv).

S v e i n.

Ja lat oss stevjast. Du Liv lyt byrja leiken.

L i v

Aanei, det er daa andre som er mætare til det en eg. (Ser seg ikring).

D e i a n d r e:

Nei, Liv skal byrja.

Liv.

Jaja daa. Men so maa de vera snabbe til aa svara. (Syng.

So mykje godtfolk her site saman.
Kva skal me taka oss til for gaman?
Eg trur me stevjast ei liti rid —
daa kjeme tunga so godt paa glid.

Dei høge berg og dei djupe dalar —
Aa høyr no, folk, kva eg til dykk talar:
No skal me seia vaar meining ut
um kvar si gjente og kvar sin gut.

Svein (til ei gjente).

Jaja daa, Berte, so maa eg seia,
det er med deg so reint lite greia.
Snart vil du ha meg, og snart vil du ei —
no vert eg snart baade kjeid og lei' —

Berte (arg).

Aa tvi og tvi for den treiske guten!
Du var verd eg gav deg ein dansk paa truten.
Naar hev eg sagt, eg deg vilde ha —
d'er mindre von, det vert noko a'.

Svein.

Kva sei' du gjente, vil du kje ha meg!
No vert eg rett mykje godt ut a' meg.
Det er no elles ikkje vandar' i.
Eg kan daa sagta til ei onnor fri.

Aa — høyr de gjentor der burt i flokken!
Vil ingen hava Svein Høgastokken!

Eg er so godsleg og gild og fræg.
D'er vandt aa faa slik ein mann som meg.

Kari.

Den arme guten er gifte-huga.
Og ja menn gjer han baa' bed og truga.
Eg spaar, han vert ikkje gift, lik'væl.
Tak'n, du Berte, du er like sæl.

Ei gjente.

Jau, eg vil ha deg, du gut so fine.
Og namnet mitt det er rett Oline.
Men eiga gjer eg korkje aakr hell eng.
Du lyt ta meg so som eg stend og gjeng.

Svein.

Var du so rike som du er fine
daa var du gjævar held' alle hine.
Var du so rike som du er greid,
gildare gjente ingenstad beid.

Ja tak meg, du — du skal sleppa kava. —
(Spring burt og tek ho i handi).
Sjaa her er gjenta, som eg vil hava.
Hey, hopp, du min søte sukkartupp,
me skal dansa til soli kjem seg upp.
Hey hopp du skjøne!
Me skal dansa i det grøne. (Svingar ho rundt).

Gjenta (daskar til han; lær).

Aa du er ein galning, Svein. (Dei set seg ned side um side).

Kari (fjaagt).

Du sit so stur derburte, Jon. Du som er so god til aa stevjast. No skal du misan ut med, koss di gjente skal vera paa laget.

Jon (lyfter hovudet syng).

Aa — fatigguten tarv aldri tru seg.
Den han hev huglagt vil aldri snu seg.
Eg ventar, ho skal snart gifta seg.
Men brudgum verte no ikkje e g.

Eg veit so væl, hokkon ho vil hava.
Han maa kje gaa og som bonde kava.
Ein byfant, sprettande rik og fin —
so vil ho rett hava guten sin.

(Gloymer seg burt. Inn=harm).

Men tak han berre, eg skal kje syta.
Eg vilde ikkje med honom byta.
E g syrgjer ikkje, det maa du tru.
Eg held meg likso god, eg som du.

Liv (litt arg).

Og folk dei er no so ymist laga.
Sume maa lægja, og andre klaga.
Sume gjeng stive som pinnetré.
Andre so blaute, dei sig ikné.

Sume trur pengar er alt i verdi,
og sume er paa den andre gjerdi:
Kor gjerne rikdomen burt dei ga,
um dei fekk den som dei vilde ha!

(Paa graaten).

Kva hjelper det eiga gard og grunnar,
og missa den ein av hjarta unnar?
Kva hjelper det eiga mark eg eng,
naar stur og sorgall ein allstødt gjeng?

(Spring upp, varm og raud).

Nei huff, folk! Skal me ikkje helder inn? Det tek til aa verta so varmt no — (retter seg) nei, kaldt, meiner eg. (Freistar aa læ).

Kom, ver med inn. Gjer-so.

(Tek ho Kari i handi og gjeng fyre; dei andre kjem etter. Bogh vil fylgja, men i det same kjem Schneider inn fraa hogre).

Bogh.

Naa — er du der igjen!

Schneider.

Ja, vi har været rundt og seet paa eiendommen. Den er sandelig enda større, end jeg hadde tænkt. — Jo, det er afgjort — jeg tar pigen. —

Bogh.

Men tror du, at du kommer til at trives paa landet, du som har levet i byen al din tid?

Schneider.

O hellige enfoldighed! Du indbilder dig da vel aldrig, at jeg tænker paa at begrave mig heroppe, saa langt nord for folkeskikken. Aa nei, du. Vi kjøber os simplemang hus i byen og forpagter bort gaarden her, kan du vide.

Bogh.

Ja, men hvad tror du, konen din vil sige til det?

Schneider (byrg).

Min kone vil altid, som hendes mand vil.

Bøgh (lær).

Vil hun det, du? Lykkelige ægtemand! (I fylgje inn).

Schneider (med dei gjeng).

Det værste blir at forsone sig med denne slægten hendes, ved du. Hun — kjærringen — Adloug, mener jeg, er simpelthen fæl. Hun er jo saa bondsk, at det er gyselig — — (inn baae).

(Det lyser utgjenom glasi i stova, og dei spelar ein stutt slaatt; so vert det stilt.

Jon kjem ut bakvegen, fram um husnovi, og vil smjuga seg burt. Liv kjem springande etter).

Liv.

Nei menn Jon, kvar skal du av? Du gjeng daa ikkje heim alt no, veit eg?

Jon (stur).

Jau, du maa ha takk for ikveld. Eg er so paa ulag — eg hev ingenting her aa gjera — —

Liv (mjukt).

Kvi er du so paa ulag, seier du?

Jon (stutt).

Aa, ikkje for nokoslag.

Liv.

Kom no, og ver med inn att.

Jon.

Du skal ha takk — men det vert nok ikkje noko av ikveld, det — og ikkje seinare helder, det eg kan tru.

Liv

(ser paa han; upp-ost; reint paa graaten).

Ja, no vil eg berre seia deg ein ting, eg, og det er det, at eg er so inderleg glad i deg, Jon — og vil du ikkje hava meg no, so er eg like glad, eg. (Bryt ut i aa graata).

Jon

(triv ho i baae hender og dreg ho burt til seg. Berre ser og ser paa henne. Stotar).

Det er ikkje raad — kan det vera sant! — — (Dreg ho inn til seg).

Liv

(millom laatt og graat).

Ja du tykkjer vel det høyrest løgje ut, at nokon vil hava deg, din stygge, gilde gut. (Slengjer seg um halsen paa han).

(I det same kjem mor Adloug, Schneider og Bogh ut framvegen. Samstundes hev Trond og Kari lurt seg ut or stova og vil ha seg ein prat paa tvomanshand. Dei fær sjaa desse tvo som stend der og held kvarandre um halsen og vert som toreslegne alle ihop).

Mest samstundes.

Mor Adloug

(slær ihop henderne).

Nei men josses — no hev eg daa aldri —

Schneider.

Naa! Det maa jeg sige — —

Bogh.

Død og pine!

(Liv og Jon snur seg braadt og skvett ifraa kvarandre, men vert standande side um side).

Liv (lognt).

No, de kjem nok rett paa tidi, folk. Her ser de kjærasten min. (Peikar paa han Jon).

Mor Adloug (fljugande sint).

Kva er dette for merakkels! Der stend rettekjærasten din, veit eg. (Peikar paa Schneider).

Schneider.

Ja, jeg maa tilstaa, dette er en lidt merkelig opførsel af en saagodtsom forlovet ung pige.

Liv (som fyrr).

Ja du kan so seia! Det er berre ein ørliten ting du hev gløymt, og det er aa spyrja etter, um eg vilde ha deg.

(Trond og Kari ser paa kvarandre og lær. Dei stend eit stykke ifraa, dei andre vert ikkje vâr dei, solenge dei er paa tilet).

Schneider (rasende; til Bogh).

Nei hun er f o r fræk. Gudskelov at jeg i tide kom efter, hvordan hun egentlig var. Kom saa gaar vi. Jeg vil ikke være her et minut længere. (Brisk til Adloug). Er det hest at faa her paa gaarden?

Adloug (mæler han med augo).

Aajau — hest hev me sagta — men de lyt daa stogga her med notti, veit eg. Det vert lengst paa morgonsida, fyrr de kjem fram til prestgarden.

Schneider.

Jeg gir fa'n i, hvorlangt det er. Dere skal ha saamange tak for mig. (Gjeng ut til vinstre).

(Bogh lyfter paa hatten, og helsar. So fyl han etter. Liti togn).

Adloug

(ser etter dei, og lær so smaatt).

Eg meinar, du Jon vert den likaste, lell, du.

(Inn. Jon slær armen um Liv og svingar ho rundt. I det same fær dei sjaa Trond og Kari, og rymer inn baae).

Trond


(snur hovudet og ser etter dei tvo bykararne. Løynsk:)

Han kom — og saag — og — i k k j e vann.

(Sputtar langt).

(K a r i lær. Trond tek ho um livet og svingar ho rundt, som Jon fyrr med si gjente. I det same tek dei til aa spela att inne i stova).

(Duken fell).




839.822 St